



Foreldreutvalet for grunnskolen

Tid for samtale

Heim og skule saman om eleven si læring og utvikling

- Konferansetime = Utviklingssamtale
- Førebuing
- Organisering og rammer
- Innhaldet i samtalen
- Særlege utfordringar

Tid for samtale

Heim og skule saman om eleven si læring og utvikling

Foreldreutvalet for grunnskolen

© FUG 2005

Printed in Norway

Layout: emk

Mal: deville design

Trykk: AS Papermill

Tekst: Kåre Lutro og Marianne Vangsnes
i samarbeid med FUG

Illustrasjoner: Ragnhild Ronja Berge

Foreldreutvalet for grunnskolen

Postboks 8119 Dep.

0032 Oslo

Tlf.: 22 24 75 63

Faks: 22 24 75 90

www.fug.no

www.foreldrenettet.no

post@fug.no

1. utgåva, 1. opplaget 2005

ISBN: 82-92517-63-4



FORORD

Alle foreldre ønskjer ei positiv utvikling for barna sine, og skulen er ein av dei viktigaste medspelarane til dette. Foreldrekonferansen er ein sentral møteplass for samarbeidet om barnet/elevnen. I dette heftet vil vi bruka ordet utviklings-samtale i staden for foreldrekonferanse. Ordet utviklingssamtale understrekar kva denne samtalen skal handla om; eleven si fungering, læring og utvikling.

Foreldreutvalet for grunnskolen gir ut heftet Tid for samtale for å bidra til betre samarbeid mellom heim og skule. Foreldrekonferansen er ein av dei viktigaste arenaene for samarbeidet kring barnet.

Heftet er skrive for både foreldre og lærarar. I heftet er ordet *foreldre* brukt både om *foreldre* og *føresette*.

Tid for samtale er utarbeidd av lærarar og foreldre i Os kommune i Hordaland. Os kommune har i fleire år arbeidd med metodar for rettleiing og vurdering av elevar. I samarbeid med Fusa kommune har ei prosjektgruppe utvikla verktøy for systematisk arbeid med vurdering utan karakterar (VUK)¹. I dette heftet er det nytta materiale frå VUK-prosjektet.

Elevar i grunnskulen skal ha vurdering utan karakterar gjennom heile grunn-opplæringa. Vurdering med karakterar kjem i tillegg dei tre siste åra i grunnskulen og i vidaregåande skule. Vurderingsverktøyet VUK er tatt i bruk ved alle skular i dei to kommunane og er ein viktig del av grunnlaget for utviklingssamtalane.

Dette heftet er ei kort rettleiing for innhaldet i utviklingssamtalen. Vi håpar heftet vil inspirera både foreldre og lærarar og medverka til å laga gode rammer for samtalen og samarbeidet kring eleven.

FUG vil takka undervisningsinspektør Kåre Lutro og adjunkt Marianne Vangsnæs ved Søfteland skule som har ført heftet i pennen. Takk også til Kristin og Bjørn Halvor Haukeland, Lill-Karin Wallem og Per Olav Sørås som har gitt innspel til heftet.

Foreldreutvalet for grunnskolen
Juni 2005

¹ Meir informasjon om VUK finn du på: www.vuk.no

GRUNNLAGET

Vurdering og rettleiing

Kontaktlæraren har hovudansvar for å kalla inn til utviklingssamtalen, og han skal leggja til rettes for eit samarbeid med foreldra om innhald og ramme for samtalen. Korleis dette kan gjerast, kjem vi tilbake til.

Forskrift for grunnskulen § 3-2, seier mellom anna dette om kontakten mellom skulen og heimen:

- Skolen skal halde god kontakt med foreldra. Kontaktlæraren skal minst to gonger om året ha ein planlagd og strukturert samtale med dei. I samtalen skal kontaktlæraren mellom anna gjere greie for korleis eleven står i høve til dei måla som er settet i læreplanverket og korleis eleven arbeider til dagsleg. Samtalen skal munne ut i ei oppsummering, mellom anna med sikte på å bli einige om kva det særskilt skal leggjast vekt på i det vidare arbeidet. Etter fylte 12 år har eleven rett til å vere med.

Det er som oftast naturleg og nyttig at eleven deltek i utviklingssamtalen. Nokre gonger kan det likevel vera grunnar til at samtalen berre skal vera mellom lærar og foreldre. Dette må partane avtala på førehand. Når vi i dette heftet nyttar døme på korleis utviklingssamtalar skal gjennomførast, tek vi utgangspunkt i samtalar der elev, foreldre og lærar er til stades.

Ein utviklingssamtale mellom eleven, læraren og foreldra må vera godt planlagt. Og for at partane i møtet skal kjenna seg likeverdige, må innhaldet i samtalen vera kjent for alle. Strukturen for samtalen må likevel ikkje vera så stram at det ikkje er rom for innspel undervegs.

Alle elevar har rett på rettleiing og vurdering dei 10 åra dei går i grunnskulen. Denne rettleiinga og vurderinga skal seia noko om eleven si faglege og sosiale fungering, og kva for arbeidsmetodar eleven meistrar. Samtalen må også vera ein dialog om arbeidet vidare.

Forskrift for grunnskulen § 3-1 og § 3-3, seier mellom anna dette om vurdering:

- På barnesteget skal skolen berre nytte vurdering utan karakterar. På ungdomssteget skal eleven, i tillegg til vurdering utan karakterar, ha fagkarakterar og karakterar i orden og åtferd.

Ros fremmar utvikling, og det er derfor viktig å leggja vekt på eleven si positive meistring når det gjeld fagleg og sosial fungering og bruk av arbeidsmetodar. Sjølv om samtalen tek utgangspunkt i eleven sine sterke sider, skal ein også ta opp

særlege utfordringar for eleven. I tillegg må ein vurdera tilrettelegging og oppfølging frå læraren og foreldra.

Ein utviklingssamtale må føra til semje om kva for mål ein skal arbeida fram mot i perioden som kjem. Dette kan gjerast som ein skriftleg avtale mellom skule, elev og heim. Ein slik avtale kan innehalda mål for elev, lærar og foreldre. (Sjå døme på avtale på s. 13)

FØREBUING

Foreldre og skule

Det finst ulike måtar å førebu og organisera ein utviklingssamtale. Same kva modell ein vel, er det viktig å sikra at utviklingssamtalen fører til eit samarbeid mellom eleven, foreldre og skulen.

For å sikra godt samarbeid, kan utviklingssamtalen til dømes vera eit tema på foreldremøte. Der kan både foreldra og læraren koma med innspel til det samtalet skal handla om. Læraren kan også senda ut skriv om samtalen der foreldra blir oppmoda til å skriva ned saker dei ønskjer å ta opp. Når læraren får skrivet tilbake, kan han tilpassa innhaldet til kvar enkelt samtale.



1: Elev og lærar/
førerebuing



2: Elev/foreldre – førerebuing
heim



3: Utviklingssamtalen,
førerebudd av alle.

Ei spørjeundersøking om utviklingssamtalen blant foreldra kan også vera nyttig.

Døme på spørsmål kan vera:

- Kva for tema bør utviklingssamtalen innehalda?
- Kor ofte bør skule og foreldre treffast i løpet av skuleåret?
- Kor lang bør samtalen vera?
- Kven bør vera til stades under samtalen?

ELEVEN SI EIGA VURDERING

NAMN:

Område: RESPEKT OG TOLERANSE

Kriterier:	Svært ofte	Ofte	Av og til	Sjeldan	Merknad:
Eg viser tolmod med dei som treng det					
Eg støttar og forsvarer dei som blir krenka					
Eg respekterer andre sin rett til å ha eigne synspunkt					
Eg respekterer andre sin eigenart					

Døme på skjema

Elev og lærar

Allereie i barneskulen kan elevar vera mogne nok til å delta i førebuinga av utviklingssamtalen. I ungdomsskulen er det avsett eigne timar til klasserådsmøte som kan nyttast til slik førebuing. Kva ønskjer elevane å diskutera i samtalens? Saman med læraren kan dei finna fram til høvelege tema.

Elevar på 5. og 8. trinn meiner mellom anna dette om utviklingssamtalen:

- Eleven må vera med i utviklingssamtalen, det er jo han det handlar om.
- Møtet må vara i minst 30 minutt, slik at det ikkje blir stress, og alle får snakka.
- Det er kjekt å førebu seg til samtale.
- Det er viktig å samanlikna seg med seg sjølv, ikkje med dei andre.
- Det er gøy med gode tilbakemeldingar frå læraren.
- Det er flaut når læraren skryt av meg, men litt gøy og!
- Det er viktig å snakka om det positive, det som går bra, men ein må vel få høyre om det dumme og.
- Det gjer vondt i halsen når vi snakkar om noko dumt.



At innhaldet i samtalens er kjend for eleven, skaper tryggleik. I elevsamtales, samtales mellom lærar og elev, kan ein førebu utviklingssamtalen. Her kan eleven få hjelp til å vurdera seg sjølv når det gjeld fagleg og sosial utvikling, og korleis han/ho meistrar dei ulike arbeidsmetodane. I samtales bør ein også ta opp kva eleven meiner om si eiga læring. Er det noko som burde vera annleis på skulen eller heime, slik at læring og utvikling kan bli betre? Eleven og læraren førebur korleis dette skal presenterast i utviklingssamtalen. Saman kan dei formulera nye mål som eleven skal arbeida mot i perioden som kjem. Slik elevdeltaking kan vera motiverande.

Når elevane blir eldre, kan det vera nyttig å bruka eit eigenvurderingsskjema for fagleg og sosial utvikling. Eit utfylt skjema er eit godt grunnlag for samtalens med læraren. Liknande skjema kan også brukast i utviklingssamtalen.

Elev og foreldre

Når eleven og foreldra er kjende med innhaldet i samtalens, kan dei førebu seg til møtet. Til hjelp i førebuinga kan læraren senda heim eit skriv med spørsmål om eleven si utvikling i siste periode. Ein kan til dømes spørja om:

- Kva fag synest du sjølv at du meistrar godt?
- Kva arbeidsmåtar likar du å bruka?
- Kven er du saman med på skulen?
- Kva likar du å gjera i friminutta?

Å førebu utviklingssamtalen sikrar at samtalens blir nytta til det som er viktigast; byggja opp eleven og motivera han/ho til dei utfordringane som ligg føre i skulekvarden. God førebuing skapar positive forventningar og trygge rammer for alle partar.

ORGANISERING OG RAMMER

Invitasjonen

Nokre skular legg framleis opp til at utviklingssamtalar skal haldast på ettermidags- eller kveldstid, men stadig fleire skular prøver no å leggja samtalane på dagtid. Både lærar og foreldre må vera fleksible for å finna høveleg tidspunkt for samtalens. Men skulen har plikt til å leggja forholda til rettes slik at alle foreldra kan koma.

Døme på skjema

Til Gunvor og Hans

Det er tid for utviklingssamtale. Dei som skal møta er: foreldre, elev og kontaktlærar. Vel møtt!

Møtestad: Biblioteket	Dato: onsdag 30.04	Tid: kl. 14.00 - 14.30	
Tema for samtalens er:			
Fagleg utvikling <ul style="list-style-type: none">● norsk rettskriving (og/å)● matematikk (algebra)● engelsk (leseflyt/uttale)	Aktivitet i timane <ul style="list-style-type: none">● munnleg del-taking● konsekvensjon om arb.oppgåve	Trivsel <ul style="list-style-type: none">● friminutt og vene● timane og samarbeid	Heimearbeid <ul style="list-style-type: none">● når gjer du lekser● arbeidsvanar

Helsing

elev

lærar

Invitasjon til utviklingssamtalen må sendast heim i god tid. Ein idé kan vera at kvar elev inviterer eigne foreldre. I samråd med læraren finn ein fram til passande tidspunkt og sender heim ein personleg invitasjon. Andre gonger kan det vera mest nyttig å senda ein felles invitasjon til foreldra i klassen der dei kan kryssa av på ønskjelege tidspunkt.

Som tidlegare nemnt er det i dag vanleg at eleven deltek i samtalen allereie frå 2. eller 3. trinn. Elevdeltaking er nyttig, men dei vaksne kan nokre gonger ha behov for å snakka saman utan barna. Kanskje bør dei vaksne møtast éin gong i året utan barn.

Nokre foreldre seier dette om kven som bør delta i samtalen:

- Kan vera greitt med møte utan barna.
- Det er lettare å snakka om vanskelege tema utan barna.
- Nokre gonger ønskjer vi å ta opp tema utan at barna er til stades.
- Fint at eleven er med, då kan dei høyra både ris og ros.
- Informasjonen blir best når alle partar er til stades; eleven, foreldra og læraren.

På invitasjonen bør det stå kva som skal vera innhaldet i utviklingssamtalen og kven som skal vera til stades.

Rommet

Klasserommet høver godt for møtet mellom lærar, elev og foreldra. Det kan vera kjekt å møtast i arbeidsrommet til barnet og sjå arbeidsplassen, teikningar eller andre elevarbeid.

Ein kan gjerne nytta andre rom til utviklingssamtalen, til dømes eit grupperom eller skulen sitt bibliotek. Rommet må vera eigna for ein god og uforstyrra dialog.

Uavhengig av sjølvre rommet er det naturleg å organisera samtalen slik at foreldre, elev og lærar sit rundt same bord. Den praktiske organiseringa skal gje tydeleg signal om at alle deltagarane i samtalen er likeverdige partar.

Tida

Utviklingssamtalen må ikkje vera prega av därleg tid eller hastverk. Alle må få koma til orde. Ved slutten av møtet må det vera nok tid til å oppsummera og

formulera mål for komande periode. Mange foreldre gir uttrykk for at dei ønskjer å ha minst 30 minutt til slike samtalar. I ei undersøking blant foreldre seier nokre dette om tid til samtale:

- Utvid samtalen til 30 minutt, så slepp ein å vera redd for å bruka for lang tid, og lærarane slepp forseinkinger.
- Ønskeleg med litt meir tid enn 30 minutt.
- Dersom alle partar skal kunna uttala seg, treng ein minst 30 minutt.

Leiinga

Som oftast er det naturleg at læraren leier samtalen. I planlegginga av samtalen kan lærar og elev bli einige om kven som skal ta opp kva, og kanskje kan eleven få ansvar for å leia delar av samtalen. Lærarar som har prøvd ut elevleiing, har erfart at det er lærerikt for eleven, men medfører ei tidkrevjande førebuing for elev og lærar.

INNHALDET I SAMTALEN

Tilbakeblikk

Utviklingssamtalen skal vera eit planlagd møte mellom skulen og heimen, og det må setjast opp tema for møtet. Det kan til dømes vera fruktbart å starta samtalen med eit kort tilbakeblikk og sjå på målsetjinga frå førre møte. Korleis har utviklinga vore i den siste perioden? Har eleven nådd dei måla som vart settet? Og var måla nyttige for eleven si fungering og utvikling? Eleven, foreldra og læraren evaluerer resultata og blir einige om nye mål for vidare utvikling.

Utviklingsmål

I grunnskulen er det mange felles mål for opplæringa, både fagleg og sosialt. Måla fortel kva eleven skal læra på dei ulike årstrinna. I utviklingssamtalen må ein derfor sjå på kva eleven meistrar. Kva meiner eleven sjølv? Saman med læraren og foreldra kan eleven planleggja nye mål å arbeida fram mot. Måla skal setja krav til eleven, men også til oppfølginga frå læraren og foreldra. Eit utviklingsmål må vera målbart, og eleven og foreldra må få vita undervegs om han/ho nærmar seg målet eller ikkje.

SAMARBEID Eit døme

Mål: ● Eleven viser evne og vilje til samarbeid

Døme på delmål:

- Eleven lyttar til andre
- Eleven arbeider aktivt med felles oppgåver
- Eleven held avtalar

Utviklingsmåla kan vera knytte til enkeltfag eller til enkeltarbeid eleven skal utføra. Måla kan også handla om arbeidsmetodar og meistring eller vera av meir sosial karakter, som det å meistra samhandling med andre.

La oss bruka samarbeid som døme på eit område for utvikling. Å meistra samarbeid er viktig for eleven si fungering både fagleg og sosialt, i skulen og seinare i arbeidslivet.



I skulen skal eleven arbeida saman med andre, både i par og i grupper. Dei skal læra ulike arbeidsmetodar som til dømes prosjektarbeid. Derfor vil meistring av samarbeid vera grunnleggjande. Kva for delmål må oppfyllast for at det skal vera eit godt samarbeid? Det er svært viktig at delmåla for eit bestemt utviklingsmål også er kjente for eleven og foreldra. Eleven må læra kva som ligg i omgrepene samarbeid og så få hjelp til å sjå si eiga fungering i forhold til måla.

Utviklingsmåla skal vera tilpassa den enkelte eleven. Elevar som strevar, kan oppleve det som vanskeleg dersom dei blir samanlikna med andre elevar som gjer det betre. Dersom det er eit sterkt fokus på felles mål og delmål, kan eleven få kjensla av å koma til kort, noko som ikkje er heldig for den vidare utviklinga. I ein utviklingssamtale skal ein stadfestar fungeringa og framgangen ut frå eleven sine føresetnader. Utviklingssamtalen skal vera eit møte der ein skapar motivasjon for arbeid mot realistiske utviklingsmål.

Eleven sin kompetanse

Skulen, i samarbeid med heimen, har som mål å utvikla eleven sin kompetanse på eit breitt felt der heile mennesket er i fokus. Skulen skal vera ein stad for både læring og trivsel. Når det gjeld læring, skal eleven tileigna seg kunnskap i ulike fag. I tillegg til å reproducera kunnskapen, skal eleven også læra å reflektera over og bruka han i arbeidet på skulen, heime og seinare i arbeidslivet.

Eleven får i dag større grad av ansvar for eiga læring og utvikling. Stadig fleire skular nyttar arbeidsplanar, ein arbeidsmåte som inneber at eleven i større grad må planleggja og gjennomføra arbeidsoppgåver sjølv. Eleven treng då kunnskap om ulike arbeidsmåtar og metodar. Han/ho treng òg å ha god innsikt i si eiga fungering. Kva vil det seia å ta ansvar for eiga læring? Det kan vera eit nytig

spørsmål å diskutera med eleven og dei føresette i ein utviklingssamtale. Korleis synest eleven sjølv han/ho tar ansvar for eiga læring?

I tillegg til den faglege utviklinga og læring av arbeidsmetodar, skal eleven også utvikla kunnskap og medvit om korleis han/ho fungerer saman med andre. Denne sosiale kunnskapen skal eleven læra å brukha på beste måte i samvær og samhandling. Graden av trivesl er ofte eit uttrykk for korleis eleven fungerer sosialt. Å spørja eleven om korleis han/ho har det på skulen, er derfor viktig. Kjenner eleven seg trygg i klasse- og skulemiljøet? Kjenner eleven seg verdsett av lærarar og medelevar? Er eleven flink til å verdsetja andre?

Fagleg utvikling

Når det gjeld den faglege utviklinga, må ein ta utgangspunkt i eleven si fungering innanfor det enkelte faget. I utviklingssamtalen må eleven og foreldra få informasjon om kva for kompetanse eleven har nådd i faget i forhold til mål og delmål. På barneskulen skjer denne tilbakemeldinga i form av vurdering utan karakter. I ungdomsskulen vil karakterane på enkelt-arbeida og terminkarakterane gi ei viss tilbakemelding om i kva grad eleven meis-trar faget. Det er likevel viktig at karakterane blir supplerte med grunngjeving og rettleiing. Her er eit døme på ei tilbakemelding frå norsklærar til elev i ungdomsskulen:

- *Du har mykje godt stoff i teksten din om forfattaren. Fint at du har med sitat frå bøker og det forfattaren sjølv har sagt. Teksten din har god lengde, og du meistrar inndeling i avsnitt. Bra! Du har nokre skrivefeil, og du må særleg arbeida meir med kommareglar. Eg har skrive nokre kommentarar i margen. Les dei og sjå i kursboka s.140. Hugs også teikn ved direkte tale.*

Dette er ekstra viktig dersom eleven har vanskar med eit fag eller eit fagområde. Gjennom grunngjeving og rettleiing vil eleven få vita kva han/ho kan gjera for å betra læringa og utviklinga si. Har eleven til dømes fagvanskar, eller skul-

ANSVAR FOR EIGA LÆRING (I) Eit døme

- Set du deg mål for eige arbeid?
- Har du med deg det du treng av utstyr?
- Utførar du arbeidsoppgåver du har ansvar for?


ANSVAR FOR EIGA LÆRING (II) Eit døme

- Er du førebudd til skulearbeidet?
- Er du oppmerksam i undervisningssituasjonar?
- Arbeidar du konsentrert i timane?

dast dei svake resultata manglande arbeidsinnsats? Kva meiner eleven sjølv? Kan undervisninga og hjelpa på skulen leggjast betre til rette? Desse spørsmåla kan vera nyttige å arbeida med i ein utviklingssamtale. Dess eldre eleven er, dess meir innsikt kan han/ho ha i si eiga fungering. Det er også nyttig å sjå på korleis for-eldra kan hjelpa til i den vidare utviklinga.

Sosial utvikling

Skulane har sett av reglar og normer som dei vil at elevane skal utvikla seg mot og retta seg etter. Slike sett av reglar og normer er holdningsdannande og sjølve grunnlaget for å utvikla eit trygt skolemiljø og bør utarbeidast i samarbeid mellom elevar, foreldre og skulen. Eleven må læra korleis hans/hennar veremåte og handlemåte påverkar medelevar, klasse- og skolemiljøet. Det er også viktig at eleven lærer å setja grenser når han/ho ikkje blir møtt med respekt.



Som tidlegare nemnt er evne til samhandling og samarbeid grunnleggjande for både fagleg og sosial utvikling. Respekt og toleranse er andre omgrep som seier noko om dette. Kva ligg i uttrykka? Og korleis kan eleven oppnå god fungering og utvikling når det gjeld respekt og toleranse? Omgrepa må avklarast og eksemplifiserast gjennom eit sett av delmål. Også her kan ein bruka eit vurderingsskjema. Kva for utviklingsmål kan eleven strekka seg mot når det gjeld respekt og toleranse?

Oppsummering av samtalen og nye utviklingsmål

Ein godt planlagt utviklingssamtale har ei oppsummering der ein set opp faglege og sosiale utviklingsmål for neste arbeidsperiode. Oppsummeringa kan vera både munnleg og skrift-

RESPEKT

OG TOLERANSE

Mål: Eleven viser respekt og toleranse for sine medmenneske

- Delmål (døme):**
- Eleven viser tolmod med dei som treng det
 - Eleven støttar/forsvarer dei som blir krenka
 - Eleven godtar andre sin eigenart

AVTALE

Mål:

- Betra leseflyten ved å øva høgtlesing 10 min. måndag og onsdag.
- Fullføra lekser på arbeidsplanen.
- Ikjje avbryta den som har ordet
- Skriva alle munnlege meldingar på tavla

Ansvar:

- | | |
|------|---------------|
| Elev | Elev/foreldre |
| Elev | Lærar |

elev

foreldre/føresette

lærar

Døme på skjema

leg, men er måla viktige for eleven si vidare utvikling, bør ein skriva dei ned.

Då det er eleven si utvikling det er tale om, må han/ho vera aktivt med på å velja utviklingsmåla, også dei som skal vera skriftlege. Måla må vera få og konkrete.

Vanlegvis er to til tre mål nok. Då er det lettare for alle å sjå om eleven nærmar seg måla eller ikkje. Avtalen kan også innehalda mål for oppfølging av lærar og/eller foreldre.

Fordeling av ansvar mellom elev, foreldre og skule

Som ein del av oppsummeringa er det naturleg å bli einige om kven som har hovudansvar for oppfølging av dei ulike måla. Ansvarret kan også delast mellom elev, skule og foreldre.

Oppfølging av måla i perioden

I tida mellom to utviklingssamtalar kan det vera nyttig at dei tre partane i samtalens held kontakt og gir korte tilbakemeldingar. Slik tilbakemelding kan bli gitt som skriftleg tilbakemelding på elevarbeid, i elevsamtales, med e-post eller på telefon.

SÆRLEGE UTFORDRINGER

Barn med ulike føresetnader

Barna kjem til i skulen med ulike behov og erfaringar. For å leggja best mogeleg til rette for den enkelte, er det viktig at foreldra gir informasjon om barnet til skulen. Mens nokre barn har særskilte vanskar når det gjeld fag, kan andre ha vanskar når det gjeld sosial fungering. Å ha nedsett hørsel eller dårleg syn, kan også vera eit hinder for trivsel, læring og utvikling. God informasjon og dialog mellom heimen og skulen kan førebyggja dette.

Skulen har plikt til å gi alle elevar tilpassa opplæring. Får til dømes sjølvstendige og lesesterke barn nok utfordring i skulekvardagen?

Konfliktar og konflikthandtering

Utviklingssamtalen skal vera ein positiv dialog mellom elev, lærar og foreldre der hovudfokuset er eleven si meistring og utvikling. Det tyder ikkje at ein skal unngå å diskutera vanskar, men konfliktar bør løysast i eigne møte. Nokre konfliktar er likevel slik at dei må drøftast der og då. Utviklingssamtalen må då utsetjast til ein annan gong.

Eleven og foreldra skal ikkje kvi seg for å møta til utviklingssamtale, men kunna koma med positive forventningar.

Utviklingssamtalen og minoritetsspråklege elevar

Til skulen kjem det barn frå ulike land og kulturar. Eit fleirkulturelt samfunn har gitt oss ein fleirkulturell skule og på mange vis ein rikare skulekvardag. I samarbeidet mellom skule og heim har det oppstått nye utfordringar.

Synet på skulen er svært ulikt frå kultur til kultur. Mens det i Noreg etter kvart er tradisjon for eit nært samarbeid mellom foreldre og lærar, er det i andre kulturar stor avstand mellom skule og heim. Å leggja til rettes for eit godt samarbeid og ein likeverdig dialog mellom partane, kan bli utfordrande, men er nødvendig for å sikra god utvikling for eleven. I nokre kulturar er det ingen tradisjon for møte mellom skule og heim, og foreldra har stor respekt for læraren. Det kan då vera vanskeleg å skapa ein god dialog. Å skape trygge rammer kring møtet, blir derfor svært viktig. Å vera venleg, open og imøtekommende er ein føresetnad for å lukkast i samtalen. For læraren blir det viktig å setja seg inn i, og prøva å forstå, barnet og foreldra sin kulturbakgrunn. Nokre gonger må ein kanskje akseptera at det blir meir informasjon enn dialog.



Å koma frå eit anna land, eller ein annan kultur, kan innebera språkvanskar som er til hinder for dialogen. Barn og foreldre som nettopp har kome til Noreg, har sjølv sagt større problem med å orientera seg enn dei som har budd her nokre år. Skulen må ta ansvar for å skaffa tolkehjelp til foreldre som treng dette. Erfaring

viser at det kan vera fornuftig å bruka tolk både for dei som har budd her i kort og i lengre tid. Det er viktig at alle foreldre får den informasjonen dei har krav på, og at dei får høve til å stilla spørsmål og gi informasjon til skulen.

Ein morsmålslærar kan vera ein ressurs og samarbeidspartner for læraren, eleven og foreldra. Morsmålslæraren bør likevel ikkje nyttast som tolk i utviklings-samtalar.

VARIASJON I UTVIKLINGSSAMTALEN

Variera opplegget frå eit årstrinn til eit anna

Både innhald i og organisering av utviklingssamtalar kan variera frå ein klasse til ein annan. Også mellom skular kan det vera forskjellar. Uavhengig av klasse eller skule skal heim og skule samarbeida om utviklingssamtalane.

Det er naturleg at samtalane legg vekt på ulike emne alt etter kva for årstrinn eleven er på. Samtalane vil òg endra seg når eleven går over på ungdomsskulen. I tillegg til område ein har vektlagt tidlegare, blir vurdering med karakterar eit nytt tema i samtalane.

Ulike variantar

Tradisjonen i skulen er at sosial fungering får mykje merksemd i barneskulen, mens den faglege utviklinga er viktigast i ungdomsskulen. Eit hovudpoeng med utviklingssamtalane er at heile mennesket skal vera i fokus. For å få til dette må ein leggja vekt på både sosial og fagleg fungering. Ein treng likevel ikkje å ta opp alle tema i kvar samtale, men leggja særleg vekt på det som er naturleg i ein bestemt periode.

Mens det i éin samtale er kjernefaga norsk og matematikk som er tema, kan det i ein annan vera meir vekt på dei praktiske og estetiske faga. Arbeidsmåtar kan også vera eit tema for utviklingssamtalen. Sosial fungering bør vera eit tema i alle utviklingssamtalar.

Sjølv om temaa kan og bør endra seg frå ein samtale til ein annan, er det viktig at elev og foreldre opplever at det dei er mest opptekne av, kjem på dagsordenen i den aktuelle samtalen. God førebuing og dialog mellom partane sikrar godt utbyte for alle.

Visste du



- at det står i lovverket at foreldra har hovudansvar for opplæringa til barna, og at dei derfor har medansvar i skolen?
- at du kan påverke opplæringa og skolegangen til barna når du er foreldrekontakt, medlem av foreldrerådet, FAU eller av samarbeidsutvalet/styret?
- at alle elevar har rett til tilpassa opplæring etter evner og føresetnader?
- at elevar som ikkje har tilfredsstillande utbytte av det ordinære skoletilbodet, har rett til spesialundervisning?
- at alle elevar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring?
- at foreldre har rett til å klage?

Foreldreutvalet for grunnskolen er eit utval av foreldre oppnevnt av Kongen i statsråd for fire år om gongen. Utvalet er eit rådgivande organ for Utdannings- og forskingsdepartementet. Utvalet skal ta seg av interessene til foreldra og elevane i skolesamfunnet og arbeide for å fremje eit godt samarbeid mellom heim og skole.

Foreldreutvalet for grunnskolen
Postboks 8119 Dep.
0032 Oslo
Tlf.: 22 24 75 63
Faks: 22 24 75 90
www.fug.no
www.foreldrenettet.no
E-post: bestilling@fug.no
post@fug.no